



# Bergens Tidende

## Med rett til å skrive

BERGENS TIDENDE 01.12.2013 Side 39-40

Forfatter: Heming Gujord

«Ikkje» Aschehoug Sigmund Freud definerte kvinna negativt. Med «Ikkje» legg Agnes Ravatn minusa saman til pluss.

«IKKJE» ER BOK nummer ti i Aschehougs serie med pamflettar til kvinnas pris. Den originalt innfulle Agnes Ravatn har takka ja til oppdraget, men vrir seg unna forventningane.

For er ein riktig vrang, kan serien lesast som litteraturens svar på investor Ringnes sin park oppi Ekebergåsen. Ravatn tek plass på sokkelen, men berre for å mane fram at ho som kvinne har rett til å skrive om nett kva ho vil. «Eit dikt om eit eller anna, same kva», som det heiter på den siste sida. Då har vi alt fått høyre mykje om kva diktet ikkje skal handle om.

HØVEDSDIKTET har ein viss odiøs klang. Det høyrer med til unntaka at det stig fram frå det litteraturhistoriske mørkret. «Ikkje» høyrer ikkje til blant hovedsdikta som aspirerer til evig liv, og ein norsklærar surnar brått når poeten går i ball med omgrep som vers og strofe. Men no er ikkje Ravatn oppe til nokon eksamen. Og les ein teksten fleire gonger, er det merkeleg korleis det manande «ikkje» festar seg i minnet.

Den motstandsause dramaturgien er gjort med overlegg, skriv forfatternen ein stad. Det gir knapt meining å setje denne knekkprosaaen på verselinjer og ujamn høgremarg, for særleg poetisk blir det ikkje. Like fullt veks diktet etter kvart fram til å bli eit tankevekkjande vitnemål om at kvinna i 2013 ikkje alltid har ein så sjølvsgatt rett til å tale om det ho vil.

«PROSJEKTET handlar ikkje om kva det vil seie å vere kvinne, men kva kvinner vil seie», heiter det på baksida. 100 år etter at norske kvinner fekk stemmerett, skal dei altså tale og dikte om kva dei vil, berre ikkje om kva det vil seie å vere kvinne.

I eit slikt lys gir Ravatn svar på tiltale, om enn med eit dikt med poetiske veikskapar.

Agnes Ravatn



© Bergens Tidende

---

Version 6.1.2 - Retriever AS - ret-web03.retriever.no - 02.12.2013 12:08:00 - supportno2\_bldp - [supportnorge@retriever.no](mailto:supportnorge@retriever.no) / +47 22 9